



Kulturkonsulent Anita Lykkja tileignar seg kunnskap om Haugland skulemuseum og Bygdetunet Rød.

**I juni måned var Anita Lykkja, kulturkonsulent i kommunen, på Haugland skulemuseum og på Bygdetunet Rød for å få kunnskap og dokumentasjon som skal brukast i ny kulturminneplan. Planen har status som kommunedelplan og vert skriven med bakgrunn i Plan og Bygningsloven. Ein ferdig plan med handlingsprogram legg grunnlaget for lokal kulturminneforvaltning og kommunen sitt ansvar for kulturminne.**

I Uskedalen finn vi mange kulturminne, spor etter menneskelege aktivitetar i det fysiske miljøet, anten det er materielle kulturminne eller minne mellom anna knytta til tradisjonar, stadnamn og handverk.

I ei kort oppsummering tek vi med dette:

- Gravhaugar og fornminne frå før reformasjonen er automatisk freda. Dei finn vi særleg på Haugland, men også på Myklebust og på Ljosnes
- Kapteinsgården frå 1776 er vedtaksfreda og har til no vore underlagt Riksantikvaren sitt ansvar. Dette kulturminne er i privat eige
- Kyrkja frå 1914 er sjølvsgagt eit kulturminne, ikkje freda, men listeført av Riksantikvaren
- Haugland skulemuseum og Bygdetunet Rød er kulturminne i kommunal eige og drift
- Bøkkerverkstaden er eit sjeldant og fint kulturminne, i privat eige, men med kommunal avtale om drift
- Alle bygningar frå før 1900 er registrert i SEFRAG registeret. Det er ein base med dokumentasjon som vert brukt i byggesaker, anten det er snakk om riving eller påbygg/nybygg. Faste kulturminne er elles registrert i kunnskapsbasen ASKELADDEN
- Arbeidet i regi av Kvinnherad sogelag med registrering og formidling av stadnamn er kulturminne. Det same er alle former for tradsjonsarbeid og formidling
- Generelt bygningsvern er aktuelt mange plassar i Uskedalen. Det kan vera gardshus, uthus, stølsmurar, gamle naust, steingardar m.m. Her finst det tilskotsordningar, særleg i landbruket.

Med offentlig støtte vert Kapteinsgården sikra med nytt tak, for å hindra forfall. Bygdetunet Rød må vera neste objekt for restaurering. Her er forfallet stort og synleg.



[Kapteinsgården, embetsmannsbustad frå 1700 talet, er vedtaksfreda. Bilete syner bygningsvern på sitt beste.](#)

Skilting og informasjon er ei anna viktig oppgåve for at folk skal finna fram, utan at det fører til konflikt med grunneigarane.

Plannemnda for ny kulturminneplan inviterer til innspel og merknader, både i planprosessen og når det føreligg eit framlegg til plan som vert sendt på høyring. Det kan også gjerast i mindre grupper, i det ein kallar for Gjestebod.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Eldre naust og færingar er kulturminne og ein viktig del av vår kystkultur.